

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 03.02.2015  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** **Hilde Christiansen**  
**SAKA GJELD:** **Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette**

**ARKIVSAK:** 2012/461/  
**STYRESAK:** **003/15**

**STYREMØTE:** **04.02. 2015**

### **Administrerende direktør si orientering pkt. 5**

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Vest RHF i møte den 3. september 2014, og har hatt følgjande samansetting:

- Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger - leiar
- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger - nestleiar
- Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF - medlem

Valstyret vedtok at valet skulle skjeelektronisk, og at valdato var 16. februar 2015. Kunngjering om val av styremedlemmer valde av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF blei sendt elektronisk i samsvar med valforskrifta.

For val av styremedlemmer av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF har det kome inn ei liste. Lista er ei fellesliste på vegne av dei tillitsvalde i Fagforbundet, Den norske legeförening (Dnlf) og Norsk Sykepleierforbund (NSF).

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

*«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»*

### **Valresultat:**

1. Lise Karin Strømme, Helse Bergen, jordmor, konserntillitsvald i Helse Vest
2. Bent Pilskog, Helse Bergen, hjelpepleiar, konserntillitsvald i Helse Vest
3. Tom Guldhav, Helse Førde, overlege

**Varamedlemmer:**

4. Reidun Johansen, Helse Stavanger, oversjukepleiar
5. Arvid Storegjerde, Helse Fonna, spesialhjelpepleiar, klinikktilitsvald
6. Tove Elise Johansen, Helse Fonna, funksjonsleiar
7. Janne Kristine Bethuelsen, Helse Stavanger, overlege
8. Rolf Unneland, Helse Bergen, driftsleiar, føretakstillitsvald

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2015, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Styremedlemmene som er valde av og blant dei tilsette, er likeverdige styremedlemmer på linje med dei som er oppnemnde av eigar i føretaksmøte. Dei har og dei same rettane og ansvar.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall. Varmedlemmer vil bli kalla inn i den rekkefølga dei er valde.

Valresultatet er kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.